

# Knørva, knust kunst

**Biletkunstnaren Mari Slaattelid har måla bokomslaga til Knut Hamsuns samla verk. Dei ni første, av i alt 27 omslag, er kåra til Årets vakraste bøker 2008.**

TEKST: INGJERD SKREDE

– Sjå her. Smale fingrar glir lett over stivt, pergamentaktig papir. Fargane er duse, med små øyer av noko sterkare som kjempar seg opp gjennom den tjukke overflata. Mari Slaattelid tek tak i innbretta og eit rektangulært måleri faldar seg ut. – Ser du at vi kan sjå på dette som eit bilete? Eg ville at vi skulle kunne sjå heile smussomslaget under eitt. Og at det skulle ta omsyn til at det som er inni er 100 år gamal litteratur. Inntrykk av tid var viktig, eg ønskte at kvart omslag skulle gi ei kjensle av tid som er gått, men at patinaen saman med utforminga skulle verke ny. Du veit bøker med marmorerte permar og skinnhjørne, dette er ein slags kommentar til dei gamle bøkene.

Ho blar i bokomslaga på bordet mellom oss. Dei gir frå seg den litt sprø, karakteristiske gamalbok-lyden, og eg aner ei innbilt lukt av støv, fukt og gulna papir.

– Eg bestemte meg for at eg ikkje ville streve etter noka nordlandsstemning, forklarar ho.  
– Ikkje noko figurativt biletspråk i ei romantisk nordlandsk setting. Mange har gjort det, og det har festa seg som ein Hamsun-klisjé. Eg ville verne Hamsun mot endå meir sjøsprøyt og folklore, eller rettare sagt overlata folkloren til forfattaren sjølv. Eg valde eit ikkje-figurativt språk der stoffbehandling og fargar var berande element. Kvart omslag skulle ha ei stemning og ein karakter, ikkje påtrengjande eller fancy, men snarare halden til-

bake i høve til historia. Og så var det viktig for meg at titlane skulle bli underbygde. Dei er jo nærast ikoniske. Forlaget gav meg og formgjevar Aud Gloppen fullstendig fritt spelerom.

Den nye Hamsuns samla er på 27 bind og har tre ulike kategoriar litteratur. Det var mykje å halde orden på, fortel ho, men oppgåva var òg oversiktleg, med fast rekkjefølgje og ulike kategoriar. Eg tok til med å utelate det eg ikkje kunne gjere, både praktisk og av omsyn til Hamsuns bøker. Så tok eg til med å skisse og sirkle inn ein metode som eg kunne gjennomføre over 27 bind. Eg snakka med folk som kjende godt til Hamsun, og las så mykje eg kunne rekkje over. Etter å ha lese, gav det seg ofte sjølv ei fargehaldning eller kontrast som boka kunne «tole» å leve med. Det nonfigurative språket er risikofylt på den måten at «anything goes», alt lèt seg eigentleg tolke som alt. Eg har på ein måte godteke denne risikoen, eller pendlinga mellom dekor og ei svak styring av innhaldet. I arbeidet med måleri lærer du at det er dei *målerisk* gode flatene som er innhaldsberande.

– *Sult* var det første eg fekk til, Mari tar fram Sult-omslaget. Det er lyst, nesten blast og liksom litt uhandgripeleg. – Ein stad i teksten omtaler hovudpersonen rommet han leiger. Og innsida av veggene er dekte av avisapapir. Og eg ser for meg det gamle papiret. Sikkert gulna av elde. Og så ligg han der i senga og les nokre av tekstane. «Det ble



MARI SLAATELID



– Omslaga skulle stille seg bak Hamsun, utan å prøve og hippe han opp.





lysere og lysere i værelset, jeg kastet et blikk ned mot døren og kunne uten synderlig møyse lese de fine, skjelettaktige bokstaver om jomfru Andersens liksvøp til høyre i porten; det var også gått en god stund siden klokken slo syv». Dette la føringa for Sult-omslaget. Ho legg omslaget ned og stryk over det. – Det er magert i uttrykket, fattigsleg. Peikar entusiastisk for at eg skal forstå. – Du ser det er nesten gjennomskiktig, og her kjem det raude fram nærast som du ser blodet under den tynne huda. Det har noko utsett over seg. Ho dveler litt ved det gjennomskinlege før ho ler. – Men det er tøft behandla. Bretta, knørva, limt, skrukka og trakka på, i forkant av måleprosessen. Det gir ein patina og eit fellespreg på alle omslaga. Eg har brukt same metoden som dei nytta i gamal målartradisjon. Dei grunna heile lerretet med ei varm farge. Med ho som utgangspunkt kunne dei styre temperaturen i biletet. Nesten alle omslaga har ein varm botn, som blir sleppte gjennom i varierende grad.

Bokomslaga går i fargar frå tett svart til nesten gjennomskiktig. Mari Slaattelid fortel om eit utruleg godt samarbeid med formgjevar Aud Gloppen og

reisa til trykkjeriet i Bratislava. – Det er spesielt å stå ved sida av pressa, og sjå trykka komme. Og heilt nødvendig for å kunne be om litt meir blått her, og litt mindre gult der. Ho samlar saman omslaga og legg dei i ein ryddig bunke. – Omslaga skulle stille seg bak Hamsun, utan å prøve og hippe han opp. Vi ville gi bøkene vørndnad, rett og slett, og eg tykkjer vi har lykkast bra.

Det meinte òg Grafill sin jury som kåra dei til Årets vakraste bøker 2008.

#### FAKTA

Mari Slaattelid har laga omslagsmåleria til Hamsuns samla verk. Omslaga vant gull i Grafill-konkurransen «Årets vakraste bøker 2008». Prisen vart delt ut på Nasjonalbiblioteket.

Slaattelid er innkjøpt ei rekkje norske og nordiske museum og samlingar, mellom dei Astrup Fearnley museet for moderne kunst, Nasjonalmuseet, Statens Museum for Kunst, København, Louisiana, Humlebæk og Kiasma Museum of Contemporary Art, Helsinki. I 2000 vann ho 1.pris i Carnegie Art Award.

### Scrumpled, Scratched Art

Mari Slaattelid is the artist responsible for the paintings which decorate the book covers of the latest edition of the *Complete Works of Knut Hamsun*.

The first nine volumes, of a projected twenty-seven, were recently voted The Year's Most Beautiful Book, 2008, by Grafill, (Norway's organisation for visual communication).

"I like working reductively; exploring what I cannot do. This approach may seem a little negative, but that's how I work. I spoke to a lot to people who knew Hamsun, and read a great deal. My reading left me with a warm, chill or sometimes a mellow feeling. But it was important my work shouldn't lack friction and dynamism. I wanted to create a visual impression of something complete and take into account the fact that

these writings are over a hundred years old. The impression of age was important. I wanted it to have a feel of something slightly old-fashioned. I soon decided that I should not be doing anything based on Hamsun's scenic descriptions from Nordland – no figurative depictions from a fresh and realistic North-Norwegian setting. I wanted to work non-figuratively, focusing on colour, and allowing that to lead the way. The covers were treated roughly; folded, scrunched, crumpled and stamped on. Then they were painted, layer upon layer, providing the right patina. These covers range in colour from dense blacks to translucent."

The book sleeve designs are by Aud Gloppen from Blaest Design, and the series will be published in its entirety during 2009.